



## REFERAT FRÅ STYREMØTE IL SKARPHEDIN

Tysdag 4.oktober 2011 kl. 19:00 – 2145 på Hellandtunet

**Tilstades:** Brynjulv Eika (fotball), Lars Sanden (alpin), Renate Øyen (svømming – del av møtet), Bjørnar Nesje (barneidrett – kom litt ut i møtet), Øyvind Støren (langrenn), Olav Finstad (friidrett), Olav Lahus (handball), Jan Berge (kontrollkomiteen – kom seint, men var med på alle økonomisaker) og Bjørn Furnes (rekneskapsfører)

**Varsla forfall:** Åge Seltveit (sykkel) og Christian Dahl (kontrollkomiteen)

### SAKLISTE

#### 1. Referatsaker

Referat fra styremøtet 11.april 2011 sendt ut på epost 15.april, ligg også på web.

Referatet frå årsmøtet i april.

- Referatet 11.4.2001 godkjent.
- Referatet frå årsmøtet 2011 viser at sykkelgruppa manglar årsmelding og handlingsplan. Årsmeldinga er no lagt ut på nettsida og ser OK ut. Det manglar handlingsplan.

#### 2. Orienteringssaker

- MVA-registrering av særgrupper, møte med Ernst & Young, jf ref frå sist møte

Søknad sendt Skatt Sør om registrering av IL Skarphedin fotballgruppe med eige org.nr samt generell godkjenning av å handtere særgrupper som eigne avgiftsobjekt (når dei får omsetn > 140.000 kr). Vi er i dialog med Skatt Sør via Ernst og Young.

- Aksjonæravtale IL Skarphedin - Bø kommune (Telemarkshallen AS), jf ref sist møte

Vårt forslag til presisering av det omstridte punktet (slik vi vedtok denne på årsmøtet) blei godkjent av kommunen i siste kommunestyremøte før valet. Dermed er endeleg denne saka inklusiv drift av Sandvollanlegget m/klubbhuset avklart.

- Deltaking i Bingo 2012

Vi har deltatt på Gvarv i 2011. Søknad er nå sendt om å delta i Bø igjen i 2012 (Bøsenderet).

- *Styremøtet hadde ingen merknader til desse tre punkta.*

#### 3. Rekneskap pr 31.august. - særgruppene

Alle rekneskapa var sendt ut med sakspapira.

Generelt er det viktig å ha mest mogleg midlar på høgrentekonto no når renta er så låg på vanlege brukskontoar.

**Alpin:** ser ut som rekneskapa kjem omtrent i balanse, vart det meldt.

**Barneidrett:** større aktivitet enn i fjor, ser ut som det går som forventa med rekneskapa

**Fotball:** Sommarland cup gjekk bra, mens parkering og andre tiltak har gått dårlegare. Det vil gå opp i opp. Utgiftssida er under kontroll.

**Friidrett:** Ser ut som ca. nullresultat, som budsjettert. Inntekter kjem inn seinare på året, slik at rekneskapa ser litt dårleg ut per 31.08.

**Handball:** Sponsorinntekter kjem ikkje så høgt som ønskja, og Sommarland Cup gjekk klart dårlegare enn venta. Men har fått inn ekstra inntekter no i det siste. Styret i gruppa har sett inn fleire tiltak for å kome seg ut av ein vanskeleg økonomisk situasjon. Bl.a. er dagleg leiar permittert i 75 % av stillinga frå 9.9.2011, innkjøpsstopp er innført, auka treningsavgift pluss at cupkampen mot Larvik gav netto 36000-37000 kr vil hjelpe. Så leiaren i gruppa håpar på eit nullresultat totalt i år, i alle fall eit resultat som ikkje gir gruppa negativ eigenkapital ve årsskiftet.

Men det blir sannsynlegvis behov for eit mellombels lån fram til Tusse Sommarland Cup 2012 for å betre likviditeten. Søknad blir sendt Hovudstyret v/leiar, og blir handsama i Hovudstyret før lån blir tatt opp. Det er betalt ut forskot på kr.100000 frå Mømskompensasjon, bingoinntekter og inntekter frå Grasrotandelen til handballgruppa allereie i slutten av september. Styret godtek denne a konto-utbetalinga til handballgruppa, men ønskjer at ein seinare tek slike saker opp i Hovudstyret på førehand.

Kontrollkomiteen ønskjer å møte på eit styremøte i handballgruppa for å følgje opp gruppa spesielt, og rekneskap per 31.10.2011 blir lagt fram for hovudstyret i møtet i november.

**Langrenn:** Gullbringsprinten går ut pga. terminlistekrasj. Ekstra sponsorinntekter kjem inn i forhold til budsjettet. Ser OK ut. Kr. 50000 går no ut til snøkanonanlegg på Grønkjær etter tidlegare vedtak

**Sykkel:** Det er bra økonomi i gruppa. Og bilagsflyten er no OK.

**Svømming:** Ser OK ut. Leiaren reiste før møtet.

#### **4. Rekneskap pr 31.august. - hovudstyret**

Det er betre kontingentinnang enn åra før. Ser OK ut.

#### **5. Hoppbakken i Gullbring**

Vi har mottatt nabovarsel om skateanlegget som er plassert i Gullbring. Dette kjem i liten grad i konflikt med hoppanlegget.

Det er ingen aktivitet i hoppbakken i dag. Anlegget står greit, men det gror til i og utanfor anlegget. IL Skarphedin er ansvarleg for anlegget. Bø kommune er grunneigar i og rundt anlegget.

*Styret meiner at vi må førebu ei sak til årsmøtet 2012 om framtida for hoppbakken i Gullbring.*

*Leiar tek kontakt med Bø kommune om ein prosess rundt utnytting av anlegget og arealet rundt til idrettsleg aktivitet Det er samtidig viktig at det blir rydda rundt anlegget, og at sikring av anlegget blir gjennomført.*

#### **6. Handlingsplanen**

Styret gjekk gjennom handlingsplanen, og kommentarer følgjer på aktuelle punkt.

#### **Handlingsplan IL Skarphedin 2011**

##### **På årsmøtet 28.april blei denne handlingsplanen vedteke.**

• Drive økonomikontroll av heile drifta til laget, alle særgruppene og hovudstyret.

Gjennomføre kurs i økonomistyring for kasserarar og leiarar.

Kommentar: Kurs i økonomistyring gjennomført i juni. Ordinær saksgang i styremøte.

Aktuelle tiltak: Styret følgjer med handballgruppas økonomi spesielt, blir tatt opp att i novembermøtet.

- **Betre medlemskapsrutinane.** Alle aktive skal løyse medlemskap i IL Skarphedin.

Kommentar: I dag sender hovudstyret (v/Bjørn) faktura på grunnlag av innsendte lister frå særgruppene.

Aktuelle tiltak: Alle gruppene må gjere ein jobb i oktober for å få dette på plass. Bjørn sender ut liste over betalande medlemmar no og gruppene går gjennom desse og meldar tilbake til Bjørn for utsening av medlemskrav.

- **Dokumentere eigedelar og rettar IL Skarphedin har, med særleg vekt på anlegg, inklusive leigeavtalar.**

Kommentar: Ikkje gjennomført.

Aktuelle tiltak: Styret ber alle særgruppene gå gjennom sine avtalar og sende til leiaren før neste møte.

Det blir sendt ut eit skjema til gruppene om registrering av eigedelar. Dette skal leggest ved rekneskapen som note.

- **Få til gode langsiktige avtalar for drift av idrettsanlegg, spesielt Sandvoll og Telemarkshallen.**

Kommentar: Saka om ansvarsforhold på Sandvoll og aksjonæravtala om Telemarkshallen er nå avklart. Bare formell signatur manglar på aksjonæravtala.

Aktuelle tiltak: Lette tilgang til klubbhuset. Bør ha nøkkel til anlegget.

Gullbring – Bør vurdere Bø lys og lyd – Olav tek kontakt med Knut Eirik Hult om dette.

Lysløypa – Øyvind Støren følgjer opp langrennsgruppa sine behov der.

- **I samarbeid med Bø idrettsråd jobbe for å betre idrettens stilling i Bø. Synleggjere behovet for idrettsanlegg og kva dette betyr for idrettsaktiviteten i bygda.**

Kommentar: Valet gav oss mange nye politikarar i Bø. Dette kommunestyret har fleire representantar som enten sjølv er aktive eller har born som ar aktive i idretten. Det er positivt! Augon Eika er ny leiar i KIM-utvalet. Han har solid bakgrunn i idretten og genuint interessert i vår sektor.

Aktuelle tiltak:

- IL Skarphedin bør fremje kandidat som ny leiar i Bø Idrettsråd etter Augon Eika.

- Idrettshall - Kan sjå ut som det blir vanskelegare etter fylkesvalet no, få frå Midt-Telemark med. I prinsippet er hallen inne, men vedtaket manglar. Det er semje om at hallen skal byggast ved Bø vidaregåande skule.

- Nordbøåsane – Usikkert med finansiering, men Bø vidaregåande er no ny interessert i anlegget, med satsing på ski og skiskyting.

- Det er behov for eit fast lokale ved Gullbringbanen, med lagringsrom og rom for arrangement.

- **Marknadsføre klubben betre og bygge opp klubbkjensla, bl.a gjennom utnytting av den nye webbløysinga.**

Kommentar:

Aktuelle tiltak: Utarbeidde "Komme i gang dokument" – Olav startar å lage eit dokument for å komme i gang og mulighetene i systemet. Samtidig må vi få nokre reglar for nettvett.

- **Marknadsføre grasrotandelen.**

Kommentar: Ingen spesifikke tiltak er gjort. Her er det eit potensiale ikkje minst blant eigne medlemmer.

Aktuelle tiltak: Oppfordre særgruppene til å marknadsføre denne overfor alle som er involvert i og kring laget.

## **7. Eventuelt**

Neste møte: Torsdag 24. november kl. 1900.

Saker blir bl.a. Økonomi handballgruppa, oppfølging av handlingsplanen og budsjett for særgruppene og hovudstyret 2012.

Ref. Olav Finstad